



13

Kommunedelplan VA 2014 - 2025

HANDLINGSPLAN

Førde kommune - Bystyret - 12.12.2013



INNHALD

1.	INNLEIING	2
2.	TILTAKSPLAN	3
2.0	Drift og vedlikehold	3
2.0.2	Vassforsyning.....	4
2.0.4	Overvasshandtering	5
2.1	Natur- og miljøvern	6
2.1.1	Vassforsyning.....	6
2.1.3	Overvasshandtering	7
2.2	Sanering og utbygging	8
2.2.1	Vassforsyning.....	8
2.2.2	Avløpshandtering.....	8
2.2.3	Overvasshandtering	9
2.3	Tilsyn og kontroll.....	10
2.3.1	Felles VA-tiltak.....	10
2.3.2	Vassforsyning.....	10
2.3.3	Avløpshandtering.....	11
2.3.4	Overvasshandtering	11
3.	PRIORITERING OG FINANSIERING.....	13
3.1	Drift og vedlikehold	13
3.2	Bruk og gjenbruk.....	14
3.3	Fornyning og utbygging	14
3.4	Tilsyn og kontroll.....	15
3.5	Investeringsbudsjett.....	16
3.6	Avgiftsbudsjett - Sjølvkost	17

1. INNLEIING

Handlingsplanen er ei kort og utfyllande skildring av dei tiltaka som er konkretisert i **Kommunedelplan VA 2013 - 2025, del 1.2 Målsetting**, og er utforma etter den same strukturen

Handlingsplanen er grunnlag for årlege drifts- og vedlikehaldsplanar, og for kommunen sin Økonomiplan.

PLANOMRÅDE	TILTAKSOMRÅDE	INNHALD
MENNESKE	Drift og vedlikehald	Driftstiltak
NATUR	Bruk og gjenbruk	Forvaltningstiltak
STRUKTURAR	Fornyng og utbygging	Investeringstiltak
FELLESSKAP	Tilsyn og kontroll	Styringstiltak

Tabell 1, Fire fotspor - Handlingsperspektiv

2. TILTAKSPLAN

2.1 Drift og vedlikehold

Dette er tiltak som skal gjennomføres som del av dagleg normal drift. Tiltaka skal gjennomføres av tilsette ved teknisk drift, og i hovudsak finansierast over driftsbudsjettet.

2.1.1 Felles VA-tiltak

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE
DV F1	Medlemskap i kvalitetsprogrammet Betre VA			
	Førde kommune er medeigar i Norsk Vann, saman med andre norske kommunar, kommunale VA-selskap, driftsassistansar for VA, og private VA- selskap.			
	Norsk Vann representerer 360 kommunar og ca. 95 % av innbyggjarane i Noreg.	2014	TD	RÅ
	Betre VA er ei bench-markingsteneste, der norske VA-verksemder vert vurderte og samanlikna, med basis i felles kriterier.			
DV F2	Oppdatere ledningskartverk og databasar			
	Ledningskartverket og tilhøyrande databaser, er eit nødvendig arbeidsverktøy, og må oppdaterast heile tida, med tekniske og faktiske data.			
	Dette gjeld både kommunale ledningsnett og private stikkledningar og installasjonar.	2017	TD, BA	TD
	<ul style="list-style-type: none"> • Ledningskart • Komtek 			
DV F3	Utvikle teknisk analyseverktøy			
	Effektiv og økonomisk utbygging og utvikling, føreset sikre og dokumenterte tekniske analysar av eksisterande nett .			
	I dag ser vi ikkje funksjonsgrensene før dei er nådde, og det er for seint. Funksjonsanalyse av VA-nettet, er nødvendig for å kunne planlegge ei optimal utbyggingstakt og utbyggingsrekkefølge.	2017	TD	TD
	Slike analysar er ein kombinasjon av rapportar frå SD-anlegget, og elektroniske nettmodellar.			
DV F4	Utvikle økonomisk analyseverktøy			
	For å sikre økonomisk optimal fornying og utbygging, skal vi utarbeide økonomiske nøkkeltal, for samanlikning og vurdering av ulike alternative løysingar.	2017	TD	TD
	Ei reell økonomisk analyse, føreset ei teknisk funksjonsanalyse.			
DV F5	Kommunal kompetansenorm for VA-tenester			
	Vi skal utarbeide standard kompetansekrav for tilsette ved teknisk drift, som skal arbeide med VA-anlegg og VA-beredskap	2014	TD	TD
DV F6	Lærekontrakter i prosessfag eller driftsoperatørfag			
	Med bakgrunn i framtidig rekrutterings- og utviklingsbehov, skal vi tilby læreplass og lærekontrakt for ungdom i vidaregåande skule.	2018	TD	RÅ
	Dette skal gjerast i samarbeid med vidaregåande skular, og private opplæringskontror.			
DV F7	Fornyning av, verktøy, utstyr og materiell			
	Vi skal sikre optimal ressursbruk ved å ta i bruk arbeidssparande verktøy og hjelpemiddel.	Årleg	TD	TD
DV F8	Kvalitetssikring av avgiftsgrunnlaget			
	Vi skal dokumentere ovafor abonnentar og overordna styresmakter at vi innfrir målsettinga om økonomisk optimal drift og utvikling, og fastsett sjølvkostgrad.	Årleg	TD	RÅ

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
DV F9	Oppgradering og komplettering av SD-anlegg	Alle vitale installasjonar og prosessar skal vere tilkoppa sentral driftsovervaking, med følgjande funksjonar; <ul style="list-style-type: none"> • Automatisk styring og overvaking • Automatisk alarm • Historikk og rapportering • Simulering og modellering 	2017	TD	TD
DV F10	Utskifting av gategods	Eksisterande kumlok på avløpskummar, er av eldre type, og er ikkje tette. Dette medfører at store nedbørmengder renn inn i avløpsnettet. I tillegg til grunnvatn som renn inn i nettet gjennom skadar og utette skøyter, utgjør dette ein vesentleg del av samla avløpsmengde som vert handtert i renseanlegget på Øyrane. Lekkasjevatt utgjør i periodar ei vesentleg hydraulisk og økonomisk overlast, både i avløpsnett og i reinseanlegget. Vi vil starte utskifting av kumlok i VA-nettet, og vil ta i bruk nye kumlok med Førde-motiv.	2025	TD	RÅ
DV F11	Informasjon til abonnentane	Alle abonnentar som er knytt til kommunalt VA-nett, skal få informasjon om tenestene. Dette skal gjerast på to måtar; <ul style="list-style-type: none"> • Informasjon på kommunen sine heimesider • Informasjon vedlagt avgiftsfaktura 	2014	TD	RÅ
DV F12	Ressursar til beredskap i feriar og fråver.	Vi skal auke ressursane til vakt og beredskap. Dette gjeld spesielt kompetanse til drift av prosessanlegg.	2014	TD	RÅ
DV F13	Etablering av Graveklubb i Førde.	Dette gjeld samarbeid om og samordning av graving og utbygging av infrastrukturtrasear. Aktuelle medlemmer i ein slik klubb er alle kabel- og ledningsnetteigarar i Førde.	2015	TD	TD

2.1.2 Vassforsyning

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
DV V1	Risikobasert overvaking av kommunale vasskjelder	Klimaendringar medfører reell risiko for svekka råvasskvalitet, og påfølgjande utfordringar for drikkevassproduksjon. Risikobasert overvaking er eit føre-var tiltak. Overvakinga gjeld desse kjeldene: <ul style="list-style-type: none"> • Gravvatnet • Movatnet • Grendaskulane 	2014	TD	TD
DV V2	Installere tilfredstillande tilbakeslagssikring.	Forsyningsnett må sikrast mot innsug av ureining. I situasjonar med trykklaust nett, må vi hindre ureining frå installasjonar som er kople til vassforsyningsnett.	2017	TD	TD

2.1.3 Avløpshandtering

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
DV A1	Dokumentere og kvalitetssikre utslipp frå skuleanlegg	Kommunen har mindre avløpsanlegg ved fire grendaskular. Anlegga er mindre enn 50 pe, og kommunen er godkjenings- og tilsynsmynde.	2014	TD	TD
DV A2	Kartlegge og dokumentere olje- og feittutskillarar.	Alle abonnentar som sender olje og feitt til avløpet, har plikt til tilfredstillande utskiljing før påslepp til avløpsnett. Kommunen har tilsyns og kontrollmynde, etter ureiningslova, og vi skal oppdatere kartverk og databaser.	2014	TD, BA	TD

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
DV A3	Kartlegge risikopåselepp til avløpsnett.	Dette gjeld kartlegging av risikopåselepp frå andre installasjonar og verksemdar; <ul style="list-style-type: none"> • Medisinar og smittestoff frå helseinstitusjonar • Kjemikalier frå industribedrifter 	2014	TD	TD
DV A4	Kartlegge lekkasjar frå avløpsnett	Avløpsnett har nødoverløp for hydraulisk avlasting. Vi skal kartlegge mulege utilsikta lekkasjar og overløp.	2017	TD	TD
DV A5	Kartlegge utnytting av energioverskot frå RA 200	I dag hentar vi ut ca 90 kW frå bioreaktor og ventilasjonsluft. Vi har ikkje mottakarar av denne energien i dag. Vi vil kartlegge mulege kjøparar av denne overskotsenergien, og inngå avtalar om tilknytning og levering. Vi vil også kartlegge potensialet for ytterlegare energiuttak frå anlegga.	2017	TD	TD
DV A6	Installere tilfredstillande tilbakeslagssikring	Abonnentane skal ha tilstrekkeleg tilbakeslagssikring, for å hindre tilbakeslag til kjellarar og installasjonar	2017	TD	TD

2.1.4 Overvasshandtering

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
DV O1	Kartlegge vassvegar og flaumvegar	Klimaendringane medfører auka nebør og auka avrenning. Vi må sikre mest muleg effektiv og skadefri transport av overflatevatn, frå terreng og overflater og til næraste flaumveg, magasin eller resipient. Vatnet tek lettaste veg, og vil følgje naturleg opparbeidde vassvegar. Det sikraste er difor å oppretthalde naturlege vassvegar og flaumvegar, anten i si naturlege form, eller som opparbeidde transportnett med tilsvarande kapasitet.. For å kunne ta slike omsyn i arealplanar og utbyggingsplanar, må naturlege vassvegar kartleggast.	2014	BA	BA
DV O2	Kartlegge samlegrøfter og bekkeinntak	Effektiv og trygg overvasshandtering føreset gode oppsamlingsanlegg. Vi skal kartlegge avskjerande grøfter og bekkeinntak, i og kring kommunale utbyggingsområde. Vi skal også planlegge og sikre alternative flaumvegar.	2014	TD	TD
DV O3	Kartlegge og dokumentere private overvassanlegg	Med bakgrunn i lov og forskrift, skal vi kartlegge private overvassanlegg i tilknytning til blant anna skogsvegar og andre naturinngrep. Erfaringane med Dagmar, og krav om ansvar som vart reist, tilseier ei føre-var kartlegging, slik at vi kan utbetre og sikre gjennomførte tiltak, slik at vi redusere faren for skade på natur og eigedom.	2025		
DV O4	Fastsette vilkår og rutinar for stenging av vegar	For å ivareta tryggleik, kan det vere nødvendig å stenge lokale vegar og gjennomgåande vegar. Vi treng oppdaterte rutinar og vilkår; <ul style="list-style-type: none"> • Vedtak om stenging • Varsling om stenging • Handheving og sikring 	2014	TD	RÅ
DV O5	Opplærings- og øvingsplan for kriseberedskap	Effektiv beredskap føreset trening i å handtere krisesituasjonar. Vi skal utarbeide og gjennomføre kriseøvingsplanar.	2014	TD	TD
DV O6	Klimarevisjon av utbygde område	For å vere føre-var, har vi sett i gang klimarevisjon av eksisterande utbygde område. Dette arbeidet skal fortsette. Med bakgrunn i klimaendringar og oppdaterte flaumsonekart, skal vi konsekvensutgreie og kartlegge nødvendige sikrings- og utbetringstiltak.	2014	TD,BA	RÅ

2.2 Bruk og gjenbruk

Dette er tiltak som skal gjennomføres i tillegg til dagleg drift. Dette er i stor grad eingangstiltak, som gir grunnlag for rutinar og prosedyrer i eigenkontrollsystemet. Tiltaka skal gjennomføres av kommunalt tilsette, med nødvendig kjøp av eksterne tenester. Tiltaka vert finansiert over driftsbudsjettet.

2.2.1 Vassforsyning

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
BG V1	Kartlegging av potensielle drikkevasskjelder	Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane tilgang til godt drikkevatt. For å sikre at også framtidige behov kan dekkast på tilfredstillande måte, skal vi kartlegge og sikre potensielle drikkevasskjelder.	2014	TD	RÅ
BG V2	Overvåkingsprogram for framtidige vasskjelder	I følge forskrift om vannressursforvaltning, skal kommunen sikre lokale vatn og vassdrag mot ureining og svekking av vasskvaliteten. For å kunne kontrollere dette, skal vi fastsette eit overvåkingsprogram, og inngå avtalar om laboratorietenester.	2014	TD	RÅ
BG V3	Registrering og dokumentasjon av ureiningskjelder	I tråd med kravet om sikring av vatn og vassdrag, vil vi også gjennomføre ei kartlegging av mulege ureiningskjelder i eller ved vatn og vassdrag. Eventuelle ureiningskjelder skal sanerast og sikrast.	2014	TD	RÅ

2.2.2 Avløpshandtering

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
BG A1	Kartlegge og dokumentere separate kloakkutslepp	Med bakgrunn nasjonale miljømål, skal vi kartlegge kloakkutslepp til vatn, vassdrag og grunnvatn; <ul style="list-style-type: none"> Private einskildanlegg Private fellesanlegg 	2017	TD	RÅ
BG A2	Rutinar for rapportering av private avløpsanlegg	Kommunen har ansvar for rapportering av felles avløpsanlegg til KOSTRA, innan 15 februar kvart år. Innan denne fristen skal kommunen også rapportere private fellesanlegg over 50 Pe, etter § 13 i ureiningsforskrifta.	2014	TD	TD
BG A3	Overvåkingsprogram for vatn, vassdrag og sjøområde	Etter Forskrift om rammer for vannforvaltningen er det sett mål for vasskvalitet for alle vatn, vassdrag og sjøområde. Førde kommune har eit aktivt analyseprogram for Jølstra og Anga. Dette programmet må utvidast, slik at vi dekkjer behovet for kartlegging av følgjande; <ul style="list-style-type: none"> Utslepp frå kommunale anlegg Separate sanitærutslepp Utslepp frå mindre fellesanlegg Industriutslepp 	2014	TD, BA	RÅ
BG A4	Overvaking av offentlege badeplassar	Badevasskvaliteten i friluftsbad er ikkje regulert i forskrift, men etter EU-direktiv. Dette omfattar også offentlege badeplassar i Førde; <ul style="list-style-type: none"> Erdalen Hornnesvika Fossebrua Kulpen på Flatene 	2014	TD	TD

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE
BG A5	Kartlegge energigjenvinning frå avløpslam	2017	TD	RÅ
	<p>Dette gjeld slam frå kloakkreinseanlegget på Øyrane. Avvatna slam vert levert til SUM i Hesjedalen.</p> <p>To nye aktørar undersøker energipotensialet i dette slammet, med tanke på energigjenvinning. Dette skal vi følgje opp, med nødvendig samarbeid for å finne økonomiske løysingar og avtaler</p>			

2.2.3 Overvasshandtering

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE
BG O1	Kartlegging og risikovurdering av avfallsdeponi	2015	TD	RÅ
	<p>Det eksisterer fleire nedlagde avfallsdeponi i Førde. Desse er potensielle ureiningskjelder, og det er registrert ureina sigevatn frå fleire.</p> <p>Auka nedbørsmengder og stigande temperatur, vil forsterke ureininga. Kartlegginga gjeld følgjande;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mo - 2 deponi • Hjelle - 1 deponi • Tefre - 1 deponi • Hafstad - 2 deponi • Hornes - 2 deponi 			
BG O2	Kartlegging og risikovurdering av landbruksavrenning	2017	BA	RÅ
	<p>Det eksisterande analyseprogrammet for Jølstra og Anga må utvidast slik at vi kan avdekke eventuelle punktutslepp.</p> <p>Nedre del av Jølstra, i sentrum og i munningen og indre fjordområde er karakterisert med risiko for ikkje å nå miljømåla innan 2021.</p>			
BG O3	Kartlegging og risikovurdering av industriavrenning	2017	BA	RÅ
	<p>Eksisterande og tidlegare industriverksemder utgjer risiko for ureinande utslepp. Vi skal kartlegge utsleppa, og kartlegge tilhøva i resipientane.</p> <p>Dette tiltaket er nært knytt til kartlegging av olje- og feittutskillarar, og andre risikoinstallasjonar, som til dømes brenselstankar.</p>			

2.3 Fornyning og utbygging

Dette er planleggings- og utbyggingstiltak, som vert organisert og utført som prosjektarbeid, og finansiert over investeringsbudsjettet. Noko planarbeid vert utført av egne tilsette, men i hovudsak vert investeringsprosjekt planlagt og utført av eksterne konsulentar og entreprenørar.

2.3.1 Vassforsyning

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
FU V1	Sanering og sikring av ureiningskjelder.	Ureiningskjelder som utgjør risiko for nærliggande vasskjelder, skal sanerast og sikrast innafør rimelege grenser i høve til eksisterande verksemdar og interesser	2021		
FU V2	Saneringsplan for eksisterande forsyningsanlegg.	Det kommunale forsyningsnettet skal tilfredstille tre hovudkrav; <ul style="list-style-type: none"> • Levetid • Funksjonalitet • Kapasitet Med bakgrunn i tekniske og økonomiske analyser, skal vi utarbeide plan for nødvendig fornying og utbetring av eksisterande vassforsyningsnett.	2014	TD	RÅ
FU V3	Utbyggingsplan for nye forsyningsanlegg	Fortetting, utviding og utbygging av nye forsyningsanlegg skal planleggast i tråd med vedtekne regulerings- og utbyggingsplanar, og tekniske og økonomiske analyser.	2014	TD	RÅ
FU V4	Fortetting og fornying i eksisterande forsyningsnett.	I fleire område må det gjennomførast sanering og utbetring, på grunn av dokumentert funksjonssvikt. <p>I tråd med vedtekne utbyggingsplanar, skal vi også utvide delar av eksisterande forsyningsnett;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hovudvassleidning langs Øyrane • Vassleidning langs Flovegen • Ny vassleidning i Flovegen • Årleg fornying 	ØP	TD	BY
FU V5	Utbygging av nye forsyningsområde	I tråd med vedtekne planar og løyvingar, skal følgjande nye anlegg planleggast og oppstartast; <ul style="list-style-type: none"> • Vassleidning Farsund - Kusslia • Vassleidning Kusslia - Mo • Vassleidning Mo - Moskog • Forsyningsnett Moskog industriområde • Nye utbyggingsområde 	ØP	BA, TD	BY
FU V6	Fornyning av prosessanlegg og vassverk	Tekniske installasjonar må fornyast og rehabiliterast, etter behov og krav.	ØP	TD	BY

2.3.2 Avløpshandtering

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
FU A1	Saneringsplan for eksisterande avløpsanlegg	Det kommunale avløpsnettet skal tilfredstille tre hovudkrav; <ul style="list-style-type: none"> • Levetid • Funksjonalitet • Kapasitet Med bakgrunn i tekniske og økonomiske analyser, skal vi utarbeide plan for nødvendig fornying og utbetring av eksisterande avløpsnett.	2014	TD	RÅ
FU A2	Utbyggingsplan for nye avløpsanlegg	Fortetting, utviding og utbygging av nye avløpsanlegg skal planleggast i tråd med vedtekne regulerings- og utbyggingsplanar, og tekniske og økonomiske analyser.	ØP	TD	RÅ

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE
	I flere område må det gjennomførast sanering og utbetring, på grunn av dokumentert funksjonssvikt.			
FU A3	Fortetting og fornying i eksisterande avløpsnett I tråd med vedtekne utbyggingsplanar, skal vi også utvide deler av eksisterande avløpsnett; <ul style="list-style-type: none"> • Lekkasjesøking • Avløpsnett på Steinen – Kjørslemøbakkane • Årleg fornying 	ØP	TD	BY
FU A4	Utbygging av nye avløpsområde I tråd med vedtekne planar og løyvingar, skal følgjande nye anlegg oppstartast; <ul style="list-style-type: none"> • Avløpsledning Farsund – Kusslia • Avløpsledning Kusslia – Mo • Avløpsledning Mo – Moskog • Pumpestasjonar KP 260 – 263 • Nye utbyggingsområde 	ØP	BA, TD	BY
FU A5	Fornying av prosessanlegg og reinseanlegg Tekniske installasjonar må fornyast og rehabiliterast, etter behov og krav.	ØP	TD	BY

2.3.3 Overvasshandtering

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE
FU O1	Saneringsplan for risikoavrenning Med bakgrunn i kartlegging og dokumentasjon av risikoavrenning frå gamle avfallsdeponi og installasjonar, skal vi utarbeide plan for utbetring og sikring. Dette skal gjerast i samarbeid med ansvarleg eigar av anlegga	2014	BA	RÅ
FU O2	Saneringsplan for eksisterande overvassanlegg Det kommunale avløpsnett skal tilfredstille tre hovudkrav; <ul style="list-style-type: none"> • Levetid • Funksjonalitet • Kapasitet Med bakgrunn i tekniske og økonomiske analyser, skal vi utarbeide plan for nødvendig fornying og utbetring av eksisterande avløpsnett.	2014	TD	RÅ
FU O3	Utbyggingsplan for nye overvassanlegg Fortetting, utviding og utbygging av nye avløpsanlegg skal planleggast i tråd med vedtekne regulerings- og utbyggingsplanar, og tekniske og økonomiske analyser.	2014	BA, TD	RÅ
FU O4	Sanering av risikoavrenning Vi skal gjennomføre planlagde saneringstiltak i og ved egne anlegg, og følgje opp pålagde tiltak i og ved private deponi; <ul style="list-style-type: none"> • Deponioversikt under tiltak NM O1 	2021	TD	RÅ
FU O5	Fortetting og fornying i eksisterande overvassnett I flere område må det gjennomførast sanering og utbetring, på grunn av dokumentert funksjonssvikt. Dette gjeld følgjande område; <ul style="list-style-type: none"> • Avløpsnett på Steinen - Kjørslemøbakkane • Bekkeinntak Lysthaugen • Overvassnett generelt 	ØP	TD	BY
FU O6	Utbygging av nye ledningsnett og flaumvegar Overvassnett skal byggast ut i tråd med vedtekne planar og løyvingar. Det er inkludert i planane for avløpsnett, og årleg del av Økonomiplan (ØP)	ØP	BA, TD	BY

2.4 Tilsyn og kontroll

Dette er tiltak som skal sikre kvaliteten og rettsgrunnlaget til kommunale tenester og myndeverksemnd. Tiltaka vert gjennomført administrativt, med påfølgjande vedtak i Formannskap eller Bystyre.

2.4.1 Felles VA-tiltak

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE
TK F1	Kommunal kvalitetsnorm for VA-tenester Med bakgrunn i gjeldande lover og føreskrifter, skal vi utarbeide generelle kvalitetsnormer for VA-tenestene. Desse skal ligge til grunn for både kommunale og private forsyningsanlegg, og skal vere heimel for krav i byggesakshandsaming.	2014	TD	BY
TK F2	Kommunal teknisk norm for VA-anlegg Kommunen nyttar teknisk norm frå 2004, denne er ikkje formelt vedteken. Teknisk norm skal reviderast, og den skal også inkludere nytt sanitærreglement.	2014	TD	BY
TK F3	Kommunal økonomisk norm for VA-anlegg Vi skal utarbeide driftsøkonomisk norm, med nøkkeltal som grunnlag for samanlikning og vurdering av ulike tekniske løysingar, og som grunnlag for avgjerd om gjennomføring av sanerings- og utbyggingstiltak. Normen skal også ligge til grunn ved handsaming av søknader om overtaking av private VA-anlegg	2014	TD	BY
TK F4	Kommunal avgiftsnorm for VA-tenester Eksisterande gebyrregulativ skal reviderast og kvalitetsikrast i høve til fastlagde nøkkeltal og godkjende rekneskap.	2014	TD	BY
TK F5	Kommunale tilknytingsvilkår for VA-nett Som ein viktig del av kommunale normer, skal vi utarbeide vilkår for tilknytting til kommunalt VA-nett. Desse vilkåra skal gjelde både for einskildabonntar i bustad- og næringsområde, og ved kommunal overtaking av private VA-anlegg. Avtalen skal fastsette fysisk og formell grenselinje mellom kommunalt og privat ansvar.	2014	TD	RÅ
TK F6	Kommunal forskrift om VA-tenester og VA-anlegg Vi skal utarbeide kommunal forskrift, som heimlar vedtekne normer og avtalar. Forskrift og normer skal gjere det enklare å samordne og likebehandle abonntar og utbyggarar, i plan- og byggesakshandsaming.	2014	TD	BY
TK F7	Dokumentasjonskrav i plan- og byggesakshandsaming Med bakgrunn i forskrift og normer, skal det stillast krav til dokumentasjon av planar og tiltak i samband med private reguleringsplanar, og søknader om byggeøyve. Dette inkluderer krav om konsekvensutgreiing av plantiltak Dokumentasjon og tekniske data skal arkiverast, og lagrast i elektroniske kartverk og databaser.	2014	BA, TD	BA

2.4.2 Vassforsyning

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE
TK V1	Kommunal forvaltningsnorm for vatn og vassdrag Kommunen treng eit lokalt regelverk for sikring av vassressursar, slik at dei kan rettssikrast i arealdelen av Kommuneplanen.	2014	BA	BY
TK V2	Kartlegging av drikkevasskjelder og forsyningsanlegg Med bakgrunn i ansvar etter folkehelselova, har kommunen ansvar for å sikre alle har godt vatn. Oversikt over kjelder og anlegg er ein føresetnad. <ul style="list-style-type: none"> • Separate einskildanlegg • Private fellesanlegg 	2015	TD	RÅ

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
TK V3	Føremål- og sikringssoner for drikkevasskjelder	Med bakgrunn i lokal forskrift og normer, skal det opprettast føremål- og sikringssoner rundt eksisterende og framtidige vasskjelder, med nødvendige vedtekter.	2014	BA	BY
TK V4	Rapportering av private vassforsyningsanlegg	Mattilsynet har tilsynsansvaret for privat vassforsyning. Kommunen bør ha kopi av tilsynsrapportar, for å kunne ivareta ansvaret for sikring av vassforsyninga, og ta nødvendige omsyn i forvaltingsplanar, arealplanar, utbyggingsplanar og tiltaksplanar.	2014	TD	RÅ

2.4.3 Avløpshandtering

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
TK A1	Føremål- og sikringssoner for offentlege badeplassar	Med bakgrunn i lokal forskrift og normer, skal det opprettast føremål- og sikringssoner rundt offentlege badeplassar, med nødvendige vedtekter.	2014	BA	BY
TK A2	Tilsyn og kontroll av private avløpsanlegg	Med bakgrunn i ureiningsforskrifta, er vi pålagde å ha tilsyn med alle separate avløpsanlegg og sanitærvløp. Vi skal kontrollere at anlegga er bygde, og vert vedlikehaldne i tråd med forskrift, og at dei vert tømde etter avtale med renovatør, og etter fastsett frekvens. Renovatøren sjekkar tilstand ved tømning, og melder dette til SUM, som sender årsrapport. Vi har ikkje rutiner for oppfølging, kontroll og sanksjonering av avvik.	2014	TD	RÅ
TK A3	Rapportering av private avløpsanlegg	Kommunen har tilsynsansvaret for privat avløpshandtering. Kommunen skal ha tilsynsrapportar frå renovatørane, for å kunne ivareta ansvaret for sikring mot ureining,	2014	TD	RÅ
TK A4	Pålegg om sanering av private kloakkutslepp	Med bakgrunn i tilsynsrapportar om tekniske anlegg, og analyserapportar frå overvakingsprogram, skal vi utarbeide pålegg om utbetring av feil, manglar og skader. Pålegg er heimla i ureiningsforskrift, og det er anleggseigar som har ansvar for utbetring	2017	TD	TD

2.4.4 Overvasshandtering

TILTAK	SKILDRING	FRIST	ANSVAR	MYNDE	
TK O1	Oppdatere flaum- og flosonekart	NVE utarbeider slike kart for større vassdrag, og for sjøområde, for 10 -, 100 -, 200 -, og 500 – årsflaum. Vi skal utarbeide avrennings- og flaumkart i samband med klimarevisjon av areal- og utbyggingsplanar.	2014	TD	RÅ
TK O2	Klimarevisjon av regulerings- og utbyggingsplanar	Klimaendringane inneber at naturen vert villare, våtare og varmare. Dette medfører nye og utfordrande fysiske råmer for arealbruk og utbygging. Endra flaum- og flosoner, og aukande avrenning kan medføre hydraulisk og mekanisk overlast på overflater, vegar, grøfter, ledningsnett og byggegrunn. Det er nødvendig å revidere planar og vedtekter, for å avdekke behov for endra krav til eksisterende bygg og anlegg, og for å sikre ei ansvarleg fortetting i områda.	2017	BA	RÅ

TILTAK	SKILDING	FRIST	ANSVAR	MYNDE
TK O3	Føremål- og sikringssoner for vassvegar og flaumvegar	2014	BA	BY
	Med bakgrunn i lokal forskrift og normer, skal det opprettast føremåls- og sikringssoner for vassvegar og flaumvegar, med nødvendige vedtekter. I størst muleg grad må det sikrast gjennomgåande vassvegar, langs eksisterande, naturlege vassvegar. Dette skal også gjelde teknisk oppbygde flaumvegar.			
TK O4	Etablere og trene gjennomgåande beredskap	2014	TD	RÅ
	Vi skal revidere og oppdatere eksisterande beredskapsplan, og utarbeide øvingsplan. Dette skal gjerast saman med Rådmann og stab.			

3. PRIORITERING OG FINANSIERING

3.1 Drift og vedlikehold

TILTAK	2014	2015	2016	2017	2018 2021	2022 2025	Merk
FELLESTILTAK							
DV F1	Medlemskap i kvalitetsprogrammet Betre VA	✓	-	-	-	-	Fast
DV F2	Oppdatere ledningskartverk og databasar	-	-	-	✓		
DV F3	Utvikle teknisk analyseverktøy	-	-	-	✓		
DV F4	Utvikle økonomisk analyseverktøy	-	-	-	✓		
DV F5	Kommunal kompetansenorm for VA-tenester	✓					
DV F6	Lærekontrakter i prosessfag eller driftsoperatørfag				✓	-	Fast
DV F7	Fornyng av verktøy, utstyr og materiell	-	-	-	-	-	Årleg
DV F8	Kvalitetssikring av avgiftsgrunnlaget.	✓					
DV F9	Oppgradering og komplettering av SD-anlegg	-	-	-	✓		
DV F10	Utskifting av gategods	-	-	-	-	✓	
DV F11	Informasjon til abonnentane	✓	-	-	-	-	Fast
DV F12	Ressursar til beredskap i feriar og fråver	✓	-	-	-	-	Årleg
DV F13	Etablering av Graveklubb i Førde	-	-	-	✓		
VASSFORSYNING							
DV V1	Risikobasert overvaking av kommunale vasskjelder	✓	-	-	-	-	Fast
DV V2	Installere tilfredstillande tilbakeslagssikring	-	-	-	✓		
AVLØPSHANDTERING							
DV A1	Dokumentere og kvalitetssikre utslepp frå skuleanlegg	✓					
DV A2	Kartlegge og dokumentere olje- og feittutskillarar	✓					
DV A3	Kartlegge risikopåslapp til avløpsnettet	✓					
DV A4	Kartlegge lekkasjar frå avløpsnettet	-	-	-	✓		
DV A5	Kartlegge utnytting av energioverskot frå RA 200	-	-	-	✓		
DV A6	Installere tilfredstillande tilbakeslagssikring	-	-	-	✓		
OVERVASSHANDTERING							
DV O1	Kartlegge vassvegar og flaumvegar	✓					
DV O2	Kartlegge samlegrøfter og bekkeinntak	✓					
DV O3	Kartlegge og dokumentere private overvassanlegg	-	-	-	-	✓	
DV O4	Fastsette vilkår og rutinar for stenging av vegar	✓					
DV O5	Opplærings- og øvingsplan for kriseberedskap	✓					
DV O6	Klimarevisjon av utbygde område	✓					

3.2 Natur- og miljøvern

TILTAK	2014	2015	2016	2017	2018 2021	2022 2025	Merk
VASSFORSYNING							
BG V1	Kartlegging av potensielle drikkevasskjelder	✓					
BG V2	Overvåkingsprogram for framtidige vasskjelder	✓	-	-	-	-	Fast
BG V3	Registrering og dokumentasjon av ureiningskjelder	✓					
AVLØPSHANDTERING							
BG A1	Kartlegge og dokumentere separate kloakkutslipp	-	-	-	✓		
BG A2	Rutinar for rapportering av private avløpsanlegg	✓	-	-	-	-	Årleg
BG A3	Overvåkingsprogram for vatn, vassdrag og sjøområde	✓	-	-	-	-	Fast
BG A4	Overvaking av offentlege badeplassar	✓	-	-	-	-	Fast
BG A5	Kartlegge energigjenvinning frå avløpslam	-	-	-	✓		
OVERVASSHANDTERING							
BG O1	Kartlegging og risikovurdering av avfallsdeponi	-	✓				
BG O2	Kartlegging og risikovurdering av landbruksavrenning	-	-	✓			
BG O3	Kartlegging og risikovurdering av industriavrenning	-	-	-	✓		

3.3 Sanering og utbygging

TILTAK	2014	2015	2016	2017	2018 2021	2022 2025	Merk
VASSFORSYNING							
FU V1	Sanering og sikring av ureiningskjelder	-	-	-	✓		ØP
FU V2	Saneringsplan for eksisterande forsyningsanlegg	✓					
FU V3	Utbyggingsplan for nye forsyningsanlegg	-	-	-	-	-	ØP
FU V4	Fortetting og fornying i eksisterande forsyningsnett	-	-	-	-	-	ØP
FU V5	Utbygging av nye forsyningsområde	-	-	-	-	-	ØP
FU V6	Fornying av prosessanlegg og vassverk	-	-	-	-	-	ØP
AVLØPSHANDTERING							
FU A1	Saneringsplan for eksisterande avløpsanlegg	✓					
FU A2	Utbyggingsplan for nye avløpsanlegg	-	-	-	-	-	ØP
FU A3	Fortetting og fornying i eksisterande avløpsnett	-	-	-	-	-	ØP
FU A4	Utbygging av nye avløpsområde	-	-	-	-	-	ØP
FU A5	Fornying av prosessanlegg og reinseanlegg	-	-	-	-	-	ØP
OVERVASSHANDTERING							
FU O1	Saneringsplan for risikoavrenning	✓					
FU O2	Saneringsplan for eksisterande overvassanlegg	✓					
FU O3	Utbyggingsplan for nye overvassanlegg	-	-	-	-	-	ØP
FU O4	Sanering av risikoavrenning	-	-	-	-	✓	
FU O5	Fortetting og fornying i eksisterande overvassnett	-	-	-	-	-	ØP
FU O6	Utbygging av nye ledningsnett og flaumveggar	-	-	-	-	-	ØP

3.4 Tilsyn og kontroll

TILTAK	2014	2015	2016	2017	2018 2021	2022 2025	Merk
FELLESTILTAK							
TK F1	Kommunal kvalitetsnorm for VA-tenester	✓					
TK F2	Kommunal teknisk norm for VA-anlegg	✓					
TK F3	Kommunal økonomisk norm for VA-anlegg	✓					
TK F4	Kommunal avgiftsnorm for VA-tenester	✓					
TK F5	Kommunale tilknytingsvilkår for VA-anlegg	✓					
TK F6	Kommunal forskrift om VA-tenester og VA-anlegg	✓					
TK F7	Dokumentasjonskrav i plan- og byggesakshandsaming	✓					Fast
VASSFORSYNING							
TK V1	Kommunal forvaltningsnorm for vatn og vassdrag	✓					
TK V2	Kartlegging av drikkevasskjelder og forsyningsanlegg	✓					
TK V3	Føremål- og sikringssoner for drikkevasskjelder	✓					
TK V4	Rapportering av private vassforsyningsanlegg	✓					Årleg
AVLØPSHANDTERING							
TK A1	Føremål- og sikringssoner for offentlege badeplassar	✓					
TK A2	Tilsyn og kontroll av private avløpsanlegg	✓					Årleg
TK A3	Rapportering av private avløpsanlegg	✓					Årleg
TK A4	Pålegg om sanering av separate kloakkutslepp	-	-	-	✓		
OVERVASSHANDTERING							
TK O1	Oppdatere flaum- og flosonekart	✓					
TK O2	Klimarevisjon av regulerings- og utbyggingsplanar	-	-	-	✓	-	Fast
TK O3	Føremål- og sikringssoner for vassvegar og flaumvegar	✓					
TK O4	Etablere og trene gjennomgåande beredskap	✓	-	-	-	-	Årleg

3.5 Investeringsbudsjett

TILTAK	2014	2015	2016	2017	2018 2021	2022 2025	SUM
DV F7 Fornying av verktøy, utstyr og materiell					1 000	1 000	2 000
F7.1 Fornying av bilparken	500	500	1 000		1 000	1 000	4 000
F7.2 Lagerhall	600						600
F7.3 Nødstraumsaggregat	200						200
F7.4 Mobilt steamaggregat	400						400
SUM DRIFT OG VEDLIKEHALD	1 700	500	1 000		2 000	2 000	7 200
FU V4 Fortetting og fornying i eksisterende forsyningsnett					4 600	4 600	9 200
V4.1 Lekkasjeøking					400	400	800
V4.2 Vassledning Flovegen	2 500						2 500
FU V5 Utbygging av nye forsyningsområde					7 500	7 500	15 000
V5.1 Vassledning Farsund - Kusslia		1 500					1 500
V5.2 Vassledning Kusslia - Mo		4 000	1 000				5 000
V5.3 Vassledning Mo - Moskog				3 400			3 400
SU V6 Fornying av prosessanlegg - Vassverk					2 500	2 500	5 000
SUM VASSFORSYNING	2 500	5 500	1 000	3 400	15 000	15 000	42 400
FU A3 Fortetting og fornying i eksisterende avløpsnett					5 000	5 000	10 000
A3.1 Lekkasjeøking	200	200	200	200	400	400	1 600
A3.2 Avløpsledning Steinenfeltet	2 000						2 000
FU A4 Utbygging av nye avløpsområde					7 500	7 500	15 000
A4.1 Pumpestasjon KP 260 - Kusslia	1 400						1 400
A4.2 Avløpsledning Farsund - Kusslia		1 500					1 500
A4.3 Pumpestasjon KP 261 - Movika		1 400					1 400
A4.4 Avløpsledning Kusslia - Mo			5 400				5 400
A4.5 Pumpestasjon KP 262 - Mo			1 500				1 500
A4.6 Avløpsledning Mo - Moskog				4 100			4 100
A4.7 Pumpestasjon KP 263 - Moskog				1 400			1 400
FU A5 Fornying av prosessanlegg - kloakkreinseanlegg					2 500	2 500	5 000
SUM AVLØPSHANDTERING	3 600	3 100	7 100	5 700	15 400	15 400	50 300
FU O6 Sanere kanalar, grøfter, bekkeinntak og stikkrenner	550	250	250	250			1 300
O6.1 Bekkeinntak Lysthaugen	1 000						1 000
FU O7 Fortetting og fornying i eksisterende overvassnett					1 000	1 000	2 000
FU O8 Utbygging av nye ledningsnett og flaumvegar					4 000	4 000	8 000
SUM OVERVASSHANDTERING	1 550	250	250	250	5 000	5 000	12 300
SUM VA	9 350	9 350	9 350	9 350	37 400	37 400	112 200
TENESTER	2014	2015	2016	2017	2018 2021	2022 2025	SUM
34000 Produksjon av vatn	400	100	200	-	3 000	3 000	6 700
34500 Distribusjon av vatn	2 950	5 650	1 300	3 400	13 000	13 000	39 300
SUM VASSFORSYNING	3 350	5 750	1 500	3 400	16 000	16 000	46 000
35000 Avløpsrensing	400	100	200	-	3 000	3 000	6 700
35300 Avløpsnett	5 600	3 500	7 650	5 950	18 400	18 400	59 500
SUM AVLØPSHANDTERING	6 000	3 600	7 850	5 950	21 400	21 400	66 200
SUM VA	9 350	9 350	9 350	9 350	37 400	37 400	112 200

3.6 Avgiftsbudsjett - Sjølvkost

Tekst	2014	2015	2016	2017	2018-2021	2022-2025
Vassforsyning						
Kjerneprodukt inkl. avskrivning	11 516 675	11 644 077	11 817 353	11 889 077	47 556 308	47 556 308
Tilleggsyting	153 327	153 327	153 327	153 327	613 308	613 308
Kalkylerente	2 334 887	2 648 993	2 618 545	2 642 809	10 571 236	10 571 236
Fond bruk(-) avsett (+)	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Avgiftsgrunnlag	13 004 889	13 446 397	13 589 225	13 685 213	54 740 852	54 740 852
Årsavgift inkl. tilknytingsavgift	-13 004 889	-13 446 397	-13 589 225	-13 685 213	-54 740 852	-54 740 852
Tap (+)/ gevinst (-)	0	0	0	0	0	0
Avløpshandtering						
Kjerneprodukt inkl. avskrivning	16 445 714	16 590 206	16 687 171	16 884 109	67 536 436	67 536 436
Tilleggsyting	153 720	153 720	153 720	153 720	614 880	614 880
Kalkylerente	4 585 805	5 131 883	5 500 634	5 785 171	23 140 684	23 140 684
Fond bruk(-) avsett (+)	-400 000	0	0	0	0	0
Avgiftsgrunnlag	20 785 239	21 875 809	22 341 525	22 823 000	91 292 000	91 292 000
Årsavgift inkl. tilknytingsavgift	-20 785 239	-21 875 809	-22 341 525	-22 823 000	-91 292 000	-91 292 000
Tap (+)/ gevinst (-)	0	0	0	0	0	0

*Tek eg første steget
med ein god tanke,
andre steget med eit godt ord,
og tredje steget med ei god handling,
då stig eg inn i Paradis!*

Zarathustra